

# Her auka kostnadene mest

2023-03-13

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

8 NYHETER

Mandag 13. mars 2023

NATIONEN



Stor prisvekst for bønder:

# Her auka kost

**KOSTNADSHOPP:** Ei rekke sentrale innsatsfaktorar for bønder har auka kraftig i pris. Kostnadene til kraftfôr har òg auka med milliardbeløp.

**Kostnadene til bønder har auka med 12 prosent det siste året viser tal frå AgriAnalyse. Men dei siste månadene viser teikn til nedgang.**

Bjarne Bekkeheien Aase  
bjarne.aase@nationen.no

## LANDBRUK

Stor prisvekst på viktige innsatsfaktorar i jordbruket har pressa opp kostnadene til bønder.

Bøndens Prisindeks (BPI), som er sett saman av AgriAna-

lyse, viser ein vekst på 12 prosent dei siste månadene. På same tid har den generelle prisveksten i samfunnet, KPI, vore på 7,1 prosent.

Målt mot same månad i fjor har kostnadene til bønder auka med 12 prosent. Det er langt meir enn den generelle prisveksten i samfunnet, seier prosjektleiar i AgriAnalyse, Anel Finci.

## Kraftig kostnadshopp

Såkalla BPI for januar låg på ein indeks på 141,9, som betyr at prisane på innsatsfaktorane til bøndene har auka med 41,9 prosent sidan januar 2015, som er startpunkt for indeksen.

KPI hadde til samanlikning ein indeks på 126,1 i januar.

Det er særleg dei to siste åra at kostnadsveksten til bønder har skote fart og for lengst passert KPI.

Kraftig prisvekst på kunstgjødsl, energi og råvarer til kraftfôr har vore blant drivvarane bak veksten i Bøndens Prisindeks (BPI).

## Kraftfôr mest opp

Siste året har prisvekst på kunstgjødsl dabba av. Målt frå januar 2022 til januar 2023 viser tala frå AgriAnalyse ein nedgang for kunstgjødsl på 11,3 prosent.

Kraftfôr har dratt opp indeksen klart mest siste tida. Prisane på kraftfôr har auka med 24,87 prosent frå januar 2022 til januar 2023 ifølgje indeksen til AgriAnalyse.

Budsjettnemnda for jordbruket ventar ein samla kraftfôrkostnad på over 9,2 milliardar kroner i 2022. Ein prisvekst på rundt 25 prosent på kraftfôr kan

” Siste året er det kraftfôr som har auka klart mest  
Anel Finci,  
prosjektleiar i AgriAnalyse

dermed òg auka utgjere rundt 2,3 milliardar kroner i auka kostnader for bønder på eitt år.

Prisane på diesel og elektrisitet har òg hatt stor prosentvis vekst siste året, men dei drar





# Årsnadene mest

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

opp indeksen i langt mindre grad.

- Siste året er det kraftfôr som har auka klart mest. Auka råvareprisar i utlandet verkar inn, men eg vil tru at auka målprisar på norsk korn medverkar til det i størst grad, seier Finci, som viser til at ein stor del av råvarene i kraftfôret er norskproduert.

AgriAnalyse bruker nå produsentprisar frå Landbruksdirektoratet som priskjelde for kraftfôr. Det er ei endring frå tidlegare. Ifølgje AgriAnalyse gir dei nye tala eit meir presist bilete av prisutviklinga på kraftfôr for norsk jordbruk. Indeksen er re-

vidert og tilbakeverka med dei nye tala.

På kunstgjødsel og diesel har indeksen peika nedover dei siste månadene.

### Ser teikn til nedgang

Den siste månaden viser kostnadsindeksen for bønder ein nedgang. Det er prisane på kunstgjødsel som drar mest ned medan prisane på kraftfôr held fram med å auke.

Bondens prisindeks (BPI) har med det gått ned fleire månader på rad.

- Indeksen har vore fallande dei siste tre månadene. Det kan

vere ein tendens til at prisane går litt ned, men det er frå eit rekordhøgt nivå, seier Finci.

I kva grad nedgangen vil halde fram seier han er uvisst. Han trekker mellom anna fram at det er usikkert kva som vil skje med prisane på diesel framover.

- EU starta i februar med ein boikott av raffinerte produkt frå Russland, deriblant diesel, så det kan bli spanande å sjå korleis det slår ut, seier han.



**PRISINDEKS:** Anel Finci, som jobbar med Bondens prisindeks (BPI) i Agri Analyse, seier det særleg er stor prisauke på kraftfôr som har dratt opp indeksen siste tida.

FOTO: CAMILLA MELLESTRAND